



DET KONGELEGE
OLJE- OG ENERGIDEPARTEMENT

Prop. 28 S

(2021–2022)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

Endringar i statsbudsjettet 2021 under Olje- og energidepartementet

*Tilråding frå Olje- og energidepartementet 26. november 2021,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Støre)*

1 Innleiing

I denne proposisjonen kjem Olje- og energidepartementet med forslag til endringar i statsbudsjettet 2021 i samsvar med kapittel 2. I kapittel 3 gjer departementet greie for bruk av fullmakter under petroleumsverksemda. I kapittel 4 gjer departementet greie for eit oppdatert investeringsanslag for reutbygging av Yme-feltet.

2 Endringar i statsbudsjettet 2021

Kap. 1800 Olje- og energidepartementet

Post 01 Driftsutgifter

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 5 mill. kroner, til 190,4 mill. kroner. Reduksjonen har i hovudsak samanheng med reduserte utgifter til reiser og arrangement i 2021 som følge av koronapandemien.

Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72

I februar 2021 blei det oppnemnt eit offentleg utval til å gjennomgå årsakene til skredet i Gjerdrum og arbeidet med førebygging av kvikkleireskred. Vidare blei det i juni 2021 oppnemnt eit offentleg utval som skal vurdere utviklinga av

straumnett. Begge utvala skal levere innstillinga si i 2022.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 5 mill. kroner, til om lag 26 mill. kroner for å dekke utgifter ved desse utvala. Det blir vist til tilsvarande reduksjon under kap. 1800, post 01 Driftsutgifter.

Post 70 Tilskot til internasjonale organisasjonar mv.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 1,3 mill. kroner, til 7,2 mill. kroner. Årsaka til reduksjonen er oppdaterte anslag for valutakursar og gjennomførte utbetalingar.

Kap. 1810 Oljedirektoratet

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Posten dekker mellom anna utgifter til Oljedirektoratets samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklingssamarbeid (Norad) om rådgiving innanfor petroleumsforvaltning for utviklingsland (Olje for utvikling).

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15 mill. kroner, til 71 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike program under Olje for utvikling som følge av koronapandemien. Det blir foreslått ein tilsvarande inntektsreduksjon under

kap. 4810, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Kap. 1820 Noregs vassdrags- og energidirektorat

Post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd, kan overførast

Posten dekker mellom anna utgifter til Noregs vassdrags- og energidirektorats (NVE) samarbeidsavtale med Direktoratet for utviklings-samarbeid (Norad) og andre internasjonale rådgivingsoppdrag innanfor vass- og energisektoren for utviklingsland.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11 mill. kroner, til 58 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike internasjonale program som følge av koronapandemien. Det blir foreslått ein tilsvarande inntektsreduksjon under kap. 4820, post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter.

Post 25 Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, kan overførast

Posten dekker utgifter til krisetiltak som er nødvendige for å hindre overhengande fare rett før, under og rett etter flaum- eller skredhendingar. Vidare dekker posten utgifter til hastetiltak, som er tiltak som må gjennomførast raskt for å hindre eller redusere ytterlegare skadeutvikling, men der det er tid til forenkla planlegging og saksbehandling.

Det blir foreslått å redusere løyvinga med om lag 81 mill. kroner, til 114 mill. kroner. Reduksjonen har i hovudsak samanheng med forseinkingar i gjennomføring av krisetiltak etter kvikkleireskredet på Ask i Gjerdrum kommune, sidan opprydding på skadestaden har tatt lengre tid enn forventa.

Vidare er det foreslått å auke bestillingsfullmakta frå 120 mill. kroner til 180 mill. kroner, slik at NVE kan inngå avtalar om arbeid som skal gjennomførast i etterfølgande år, jf. forslag til vedtak II. Auken i bestillingsfullmakta har samanheng med forseinkinga i gjennomføring av krisetiltak etter kvikkleireskredet på Ask i Gjerdrum kommune frå 2021 til etterfølgande år.

Post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, kan overførast, kan nyttast under post 22

Det blir foreslått å auke løyvinga med 1 mill. kroner, til 24 mill. kroner. Ein viser til tilsvarande forslag under kap. 4820, post 03 Sal av utstyr mv.

Kap. 1830 Forsking og næringsutvikling

Post 50 Noregs forskingsråd

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 10 mill. kroner, til om lag 728 mill. kroner. Reduksjonen har samanheng med at forskingssenteret for miljøvennleg energi innan hydrogen og ammoniakk først får oppstart i 2022.

Kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda

Tabell 2.1 Endring av løyvingar på statsbudsjettet 2021 under kap. 2440/5440 Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda (i mill. kroner)

Kap./post/ underpost	Gjeldande løyving 2021 ¹	Forslag til ny løyving 2021	Endring
<i>Kap. 2440</i>			
30 Investeringar	26 000	26 000	-
Sum kap. 2440	26 000	26 000	-
<i>Kap. 5440</i>			
24.1 Driftsinntekter	148 500	232 800	84 300
24.2 Driftsutgifter	-29 400	-35 100	-5 700
24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter	-1 700	-1 800	-100
24.4 Avskrivningar	-24 800	-25 100	-300
24.5 Renter av statens kapital	-2 400	-2 300	100
24 Driftsresultat	90 200	168 500	78 300
30 Avskrivningar	24 800	25 100	300
80 Renter av statens kapital	2 400	2 300	-100
Sum kap. 5440	117 400	195 900	78 500
Kontantstraum til SDØE:			
Innbetalingar ²	148 500	232 800	84 300
Utbetalingar ³	57 100	62 900	5 800
Netto kontantstraum frå SDØE	91 400	169 900	78 500

¹ Gjeldande løyving for 2021 er basert på Stortingets løyvingsvedtak av 14. desember 2020 og seinare endringar i 2021 (revidert budsjett), jf. Prop. 195 S (2020–2021) og Innst. 600 S (2020–2021).

² Innbetalningar = driftsinntekter.

³ Utbetalningar = investeringar + driftsutgifter + leite- og feltutviklingsutgifter.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.1 Driftsinntekter er auka med 84 300 mill. kroner, til 232 800 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av auka olje- og gassprisar. Prisen på gass er auka frå 1,7 kr/Sm³ til 4,3 kr/Sm³ i forhold til førre anslag, medan prisen på olje er auka frå 557 NOK/fat til 594 NOK/fat.

Anslaget for kap. 5440, underpost 24.2 Driftsutgifter er auka med 5 700 mill. kroner, til 35 100 mill. kroner. Dette kjem i hovudsak av auka utgifter til kjøp av tredjeparts gass som følge av høgare gassprisar og tredjeparts gassvolum. Produksjonskostnadene auka også som følge av høgare kraftkostnader og auka CO₂-kvotepriar. Dette blir noko motverka av reduserte produksjonskostnader som følge av manglande produksjon frå Dvalin og Snøkvit.

Anslag for kap. 5440, underpost 24.3 Leite- og feltutviklingsutgifter er auka med 100 mill. kroner, til 1 800 mill. kroner.

Anslag for kap. 5440, underpost 24.4 Avskrivningar er auka med 300 mill. kroner, til 25 100 mill. kroner.

Anslag for kap. 5440, underpost 24.5 Renter av statens kapital er redusert med 100 mill. kroner, til 2 300 mill. kroner.

Endringane fører samla til at SDØEs anslatte driftsresultat er auka med 78 300 mill. kroner, frå 90 200 mill. kroner til 168 500 mill. kroner.

Anslaget for netto kontantstraum frå SDØE er auka med 78 500 mill. kroner, frå 91 400 mill. kroner til 169 900 mill. kroner.

Kap. 4800 Olje- og energidepartementet*Post 10 Refusjonar*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 617 000 kroner, til 100 000 kroner. Reduksjonen har samanheng med mindre aktivitet og forseinkingar i ulike program under Olje for utvikling som følge av koronapandemien.

Kap. 4810 Oljedirektoratet*Post 01 Gebyrinntekter*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 6,275 mill. kroner, til 24,5 mill. kroner. Reduksjonen kjem i hovudsak av lågare inntekter som følge av færre søknader i samband med konsesjonsrundar på norsk sokkel og av registreringar i Petroleumsregisteret.

Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 15 mill. kroner, til 71 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1810, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

Kap. 4820 Noregs vassdrags- og energidirektorat*Post 02 Oppdrags- og samarbeidsinntekter*

Det blir foreslått å redusere løyvinga med 11 mill. kroner, til 58 mill. kroner. Ein viser til omtale og tilsvarende utgiftsreduksjon under kap. 1820, post 23 Oppdrags- og samarbeidsverksemd.

(Ny) Post 03 Sal av utstyr mv.

Det blir foreslått å løyve 1 mill. kroner under posten. Ein viser til tilsvarende utgiftsauke under kap. 1820, post 45 Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald.

Post 40 Flaum- og skredførebygging

Inntekter frå kommunar for sikrings- og miljøtiltak som er gjennomførte i regi av NVE, er berekna til 36 mill. kroner i 2021, ein auke på 6 mill. kroner.

Kap. 5582 Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet*Post 70 Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag*

Sektoravgifta for kulturminnevern i regulerte vassdrag dekker kostnader til arkeologiske undersøkingar i vassdrag. Det er konsesjonar gitt før 1960 der det ikkje blei gjort arkeologiske undersøkingar ved utbygginga, som er omfatta av ordninga når konsesjonen skal fornyast eller vilkåra reviderast. Konsesjonæren betaler eit beløp basert på omfanget av produksjonen i reguleringsmagasinet.

Det blir foreslått å auke løyvinga med 19,5 mill. kroner, til 22,9 mill. kroner. Auken er knytt til innbetalte sektoravgifter frå revidert konsesjon for regulering av vassdraga Langvatn, Aura og Hemsil.

Kap. 5685 Aksjar i Equinor ASA*Post 85 Utbytte*

Equinor ASA har utbetalt til saman 7 100 mill. kroner i utbytte til Olje- og energidepartementet for tredje og fjerde kvartal 2020 og første kvartal 2021. Styret i Equinor har for andre kvartal 2021 vedtatt eit utbytte på 0,18 USD per aksje som kjem til utbetaling i år. På bakgrunn av det blir det foreslått å auke løyvinga med 1 700 mill. kroner, til 10 400 mill. kroner.

3 Bruk av fullmakter under petroleumsverksemda

Som ein del av den årlege behandlinga av statsbudsjettet gir Stortinget fullmakter til Kongen i statsråd og Olje- og energidepartementet knytte til petroleumsverksemda.

Under gjer Olje- og energidepartementet greie for bruken av fullmakter sidan den førre rapporteringa.

3.1 Utbyggingsprosjekt på norsk kontinentalsokkel

Stortinget har samtykt i at Olje- og energidepartementet kan godkjenne prosjekt (planar for utbygging/anlegg og drift) på norsk kontinentalsokkel under desse føresetnadene (jf. fullmakt XIV i Prop. 1 S (2020–2021):

1. Prosjektet må ikkje ha prinsipielle eller samfunnsmessige sider av betydning.

2. Den øvre grensa for dei samla investeringane per prosjekt er 20 mrd. kroner.
3. Kwart enkelt prosjekt må vise akseptabel samfunnsøkonomisk lønnsemd og vere rimeleg robust mot endringar i prisutviklinga for olje og naturgass.

Fullmakta er nytta ved desse høva¹:

HOD Nyutvikling

Olje- og energidepartementet mottok 24. juni 2020 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for nyutvikling av Hod-feltet. Hod-feltet er eit oljefelt i den sørlege delen av Nordsjøen som skal byggast ut på ny, med ei normalt ubemanna brønnhovudplattform, Hod B, med 12 brønnsliissar, helikopterdekk, nødkvarter og tilrettelegging for tilkomst frå båt. Brønnstraumen vil bli ført til Valhall-feltet for prosessering og vidare transport. Via Valhall vil Hod B-plattformen mellom anna få tilført kraft frå land. Felta Hod og Valhall blir i stor grad drivne og utvikla som eit integrert område og har same eigarskap. Utvinnbare reserver er i PUD estimerte til 6,33 mill. standard kubikkmeter oljeekvivalentar. Produksjonsstart er planlagt til første kvartal 2022. Rettshavarane i Hod er Aker BP ASA (90 prosent og operatør) og Pandion Energy (10 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til 5,7 mrd. kroner. PUD for vidareutviklinga av Hod-feltet blei godkjend av Olje- og energidepartementet 8. desember 2020.

Breidablikk

Olje- og energidepartementet mottok 28. september 2020 søknad om godkjenning av plan for utbygging og drift (PUD) for Breidablikk. Breidablikk-feltet er eit oljefelt i den midtre delen av Nordsjøen som skal byggast ut som ei havbotn-utbygging knytt til Grane-plattformen. Frå Grane vil oljen bli eksportert via røyr til Stureterminalen. Utvinnbare reserver er estimerte til i overkant av 30 mill. standard kubikkmeter oljeekvivalentar. Produksjonsstart er planlagt til første kvartal 2024. Rettshavarane i Breidablikk er Equinor Energy AS som operatør (39 prosent), Vår Energi AS (34,4 prosent), Petoro AS (22,2 prosent) og

ConocoPhillips Skandinavia (4,4 prosent). Dei totale investeringane er i PUD berekna til 18,6 mrd. kroner. PUD for Breidablikk blei godkjend av Olje- og energidepartementet 29. juni 2021.

Sleipner Kraft frå land

Olje- og energidepartementet mottok 8. juni 2020 søknad om godkjenning av endra plan for utbygging og drift (endra PUD) for Sleipner. Sleipner-feltet ligg i den midtre delen av Nordsjøen og har vore i produksjon sidan 1993. Sleipner-området omfattar også felta Gungne, Sigyn, Gudrun og Utgard, som bruker Sleipner-innretningar for prosessering og/eller vidare transport. Områdeløysinga med kraft frå land til felta Johan Sverdrup, Edvard Grieg, Ivar Aasen og Gina Krog er godkjend med ekstra kapasitet. Endra PUD for Sleipner inneber at feltet koplar seg til områdeløysinga, og at Sleipner-feltet og tilknytte felt får tilgang til kraft frå land som følge av ekstrakapasiteten. Prosjektet går ut på å erstatte tre gassturbinar som produserer straum med kraft frå land. Prosjektet omfattar oppkopling og installasjon av ein 28 kilometer vekslestraumkabel mellom Gina Krog- og Sleipner A-innretninga, i tillegg til mindre modifikasjonar på andre innretningar som følge av dette. Planlagt oppstart av kraftleveransar frå land er fjerde kvartal 2022. Rettshavarane i Sleipner er Equinor Energy AS som operatør (59,6 prosent), Vår Energi AS (15,4 prosent), Lotos Exploration and Production (15 prosent) og Kufpec Norway AS (10 prosent). Dei totale investeringane er i endra PUD berekna til 833 mill. kroner. Endra PUD for Sleipner blei godkjend av Olje- og energidepartementet 11. februar 2021.

4 Utbygging Yme-feltet

Det blir vist til omtalen av prosjekt under utbygging i Prop. 1 S (2021–2022) for Olje- og energidepartementet. Etter at budsjettet blei lagt fram, har operatøren for Yme, som no har starta produksjonen, gjort departementet merksam på ein auke i investeringsanslaget som følge av kontraktmessige forhold med ein leverandør. Dette gjer at investeringsanslaget for prosjektet no er 12,1 mrd. 2021-kroner.

¹ Til og med oktober 2021.

Olje- og energidepartementet

t i l r å r :

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om endringar i statsbudsjettet 2021 under Olje- og energidepartementet.

Vi HARALD, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om endringar i statsbudsjettet 2021 under Olje- og energidepartementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

Forslag til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2021 under Olje- og energidepartementet

I

I statsbudsjettet for 2021 blir det gjort følgende endringer:

Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
1800		Olje- og energidepartementet	
	01	Driftsutgifter, blir redusert med..... frå kr 195 400 000 til kr 190 400 000	5 000 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under postane 50, 71 og 72</i> , blir auka med..... frå kr 20 983 000 til kr 25 983 000	5 000 000
	70	Tilskot til internasjonale organisasjonar mv., blir redusert med frå kr 8 500 000 til kr 7 200 000	1 300 000
1810		Oljedirektoratet	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 86 000 000 til kr 71 000 000	15 000 000
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	23	Oppdrags- og samarbeidsverksemd, <i>kan overførast</i> , blir redusert med frå kr 69 000 000 til kr 58 000 000	11 000 000
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar, <i>kan overførast</i> , blir redusert med..... frå kr 194 955 000 til kr 114 000 000	80 955 000
	45	Større utstyrsanskaffingar og vedlikehald, <i>kan overførast, kan nyttast under post 22</i> , blir auka med frå kr 23 000 000 til kr 24 000 000	1 000 000
1830		Forsking og næringsutvikling	
	50	Noregs forskingsråd, blir redusert med..... frå kr 737 916 000 til kr 727 916 000	10 000 000

Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
4800		Olje- og energidepartementet	
	10	Refusjonar, blir redusert med..... frå kr 717 000 til kr 100 000	617 000
4810		Oljedirektoratet	
	01	Gebyrinntekter, blir redusert med..... frå kr 30 775 000 til kr 24 500 000	6 275 000
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir redusert med..... frå kr 86 000 000 til kr 71 000 000	15 000 000
4820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	02	Oppdrags- og samarbeidsinntekter, blir redusert med..... frå kr 69 000 000 til kr 58 000 000	11 000 000
(NY)	03	Sal av utstyr mv., blir løyvd med	1 000 000
	40	Flaum- og skredførebygging, blir auka med..... frå kr 30 000 000 til kr 36 000 000	6 000 000
5440		Statens direkte økonomiske engasjement i petroleumsverksemda	
	24	Driftsresultat:	
		1 Driftsinntekter.....	232 800 000 000
		2 Driftsutgifter.....	-35 100 000 000
		3 Leite- og feltutviklingsutgifter.....	-1 800 000 000
		4 Avskrivningar	-25 100 000 000
		5 Renter av statens kapital	-2 300 000 000
			<u>168 500 000 000</u>
	30	Avskrivningar, blir auka med..... frå kr 24 800 000 000 til kr 25 100 000 000	300 000 000
	80	Renter av statens kapital, blir redusert med	100 000 000
		frå kr 2 400 000 000 til kr 2 300 000 000	
5582		Sektoravgifter under Olje- og energidepartementet	
	70	Bidrag til kulturminnevern i regulerte vassdrag, blir auka med	19 500 000
		frå kr 3 400 000 til kr 22 900 000	
5685		Aksjar i Equinor ASA	
	85	Utbytte, blir auka med.....	1 700 000 000
		frå kr 8 700 000 000 til kr 10 400 000 000	

II

Bestillingsfullmakter

Stortinget samtykker i at Olje- og energidepartementet i 2021 kan pådra staten forpliktingar utover gitt løyving, men slik at den samla ramme for nye forpliktingar og gammalt ansvar ikkje overstig følgende beløp:

Kap.	Post	Nemning	Samla ramme
1820		Noregs vassdrags- og energidirektorat	
	25	Krise- og hastetiltak i samband med flaum- og skredhendingar	180 mill. kroner
